

INVITASJON TIL NUK-SAMLING

1. samling 2008/2009

Stad: Førde 19. – 21. september



Velkomen nye og gamle medlemmar.

Vi gler oss til å bli kjend med nye musikkvenner som vil vere med i NUK - Nordvest Ungdomskorps, og til å møte att gamle vener.

Førde skulekorps er samlingsvertar på Førde Barneskule ved kyrkja i Førde sentrum.(Elstervegen 1). Vi skal overnatte i klasserom så ta med det du treng til det. Hugs instrument, notestativ og notar som de fekk i vår. Nye medlemmar får notar.

Til denne samlinga vil vi ha ein eigen NUK-buss frå Folkestad 19.sept. kl. 17.15 (når 17-ferga kjem frå Volda). Avgang frå Nordfjordeid busstasjon kl. 18.00. Frå Sandane busstasj. kl. 18.45. Elles tek vi på musikarar langs vegen. Gje beskjed om kvar du vil kome på bussen! Om du dreg til Førde på eiga hand, er oppmøte sett frå kl. 19.30 med middag kl. 20.30.

Samlingsavgifta er kr 350. Dette dekkjer alle utgifter unnateke reiseutgifter. Bruk helst vedlagte giro. Betaler de på annan måte, hugs å skrive namn på deltakar.

Årskontigent på kr 800 skal ikkje betalast før 2. samling og du kan gjerne betale denne i to omgonger. Dersom Sinatra-prosjektet vert ein suksess med stort billettsal, vil overskotet gå tilbake til dykk som medlemmer og det er medlemsmøte som avgjer korleis. Medlemmane bestemmer over korpset og eventuelt overskot, og medlemsmøte finn stad på kvar samling.

På samlinga i Førde vert det fredag servert middag og nattmat. Laurdag er det frukost, lunsj, ettermiddagsmat og middag/kvelds. Søndag er det frukost og lunsj. Frukt og drikke vert servert heile tida. Avslutning søndag ca. kl 14.00. Om nokon må reise tidlegare, vert det skyss til buss. Laurdag kveld er det medlemsmøte med idédugnad og informasjon frå prosjektgruppa. Elles koser vi oss ilag med eiga underhaldning (om nokon vil) og musikalske smakebitar.

Samlingar hausten 2008:

2. samling: Sandane 24. - 26. oktober. Truleg på Firda vidaregåande skule

3. samling: Stryn 28. - 30. november. På Stryn Ungdomsskule.

Samlingar vinter/vår 2009 er ikkje fastsett, og du må gjerne få ditt korps til å vere vertskap.

Premiere på Sinatra-prosjektet vårt er i Operahuset Nordfjord som er under bygging. Dette skjer i mars/april 2009.

Gje melding om du blir med på samling i Førde innan 12. september til leiar

Anne-Mari Aalberg, Boks 87, 6771 Nordfjordeid

e-post: annaalbe@online.no

SMS eller tlf til: 975 67 996

Helsing NUK Nordvest Ungdomskorps

v/Brynjar Solheim, sekretær

epost: b-solheim@hotmail.com

Hugs å seie frå om du har allergi eller annan funksjonshemming vi må ta omsyn til eller som krev spesiell tilrettelegging. Sjå nedanfor og send opplysningane i post eller på epost til Anne-Mari.

Greit å vite (Håpar du vil sende i post eller gje info per epost)

Namn _____

Adr _____

Din mobil _____

Epost _____

Fødselsdato: _____

Instrument _____

Biinstrument/sang _____

Str. T-skjorte: _____

Allergi _____

Annan funksjonshemming _____

Namn mor/far _____

(kontakt om noe skjer)

Telefon/mobil _____

E-post _____

Vi gjer det vi kan for at alle skal trivst og ikkje få problem ang. matservering eller anna. Elles er eg til stades på samling og hjelpar der det trengst.

Eg gler meg til å bli kjend med nye musikkungdomar og treffe att alle medlemmene frå tidlegare. Og så eit HURRA for namneendringa - til NUK Nordvest Ungdomskorps.

Du må gjerne få fleire til å bli med i NUK.

Helsing Anne-Mari Aalberg

NUK-styret